

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Ny politisk plattform for Vestlandsrådet 2012

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeid med å rullere den politiske plattformen for Vestlandsrådet. Særlege viktige saker i den politiske plattformen vil vere ferjefri E39 Kyststamvegen, vidareføring av transportplan for Vestlandet, koordinering av arbeidet med NTP, arbeide for gode rammevilkår for prioriterte næringer på Vestlandet, samt å arbeide for å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet.
2. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen leggje fram eit drøftingsnotat for innhaldet i den politiske plattformen til neste møte i rådet. Drøftingsnotatet med Vestlandsrådet sine kommentarar skal leggjast fram til drøfting med aktuelle partnarar. Fylkeskommunane har ansvar for drøfting med partnarar i sine fylke.
3. Plattformen skal vedtakast av Vestlandsrådet i mai 2012 etter at eit utkast har vore drøfta i fellesmøte mellom fylkesutvala.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Gjeldande plattform for Vestlandsrådet (brosjyre)

Vedtekter for Vestlandsrådet

Samarbeidsavtale for Vestlandsrådet

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Styringsdokument for Vestlandsrådet

Samarbeidet i Vestlandsrådet er heimla i tre ulike dokument.

- Vedtekter for Vestlandsrådet, som vart vedteke av dei fire fylkestinga i 2002, og revidert av fylkestinga i 2009. Kort kan ein seie at vedtektene kan forståast som mandatet fylkeskommunane gir Vestlandsrådet.
- Ein samarbeidsavtale som presiserer det politiske og organisatoriske grunnlaget for Vestlandsrådet og skal vere med å styrke den politiske leiarskapen i rådet. Samarbeidsavtalen er vedteke av dei fire fylkestinga i 2009.
- Ei politisk plattform som vart vedteke av Vestlandsrådet i Bergen 26. februar 2010 etter at den vart drøfta av eit fellesmøte mellom fylkesutvala same dato. Denne byggjer på samarbeidsavtalen mellom dei fire fylkeskommunane.

Kort kan altså seie at medan vedtektene og samarbeidsavtalen vert vedteke av fylkestinga, er det Vestlandsrådet som vedtek den politiske plattformen. Denne plattformen presiserer nærare satsingsområda i samarbeidsavtalen. Dei tre dokumenta følgjer vedlagt.

I samarbeidsavtalen er det utpeika fire satsingsområde for samarbeidet i Vestlandsrådet. Dette er:

- Internasjonalt arbeid
- Samferdsle
- Innovasjon og næringsutvikling
- Kystressursforvaltning/marin og maritim verdiskaping
- Energi, miljø og klima
- Kultur

I den politiske plattformen er kvar av desse punkta konkretisert, sjå vedlegg.

Kvifor rullere plattformen

Det er lagt opp til at den politiske plattformen skal rullerast ved oppstart av nytt fylkesting. Det er fleire grunner til dette.

Det viktigaste er at eit nytt Vestlandsråd skal få høve til å fastsetje nærare prioriteringar og få eit politisk eigarskap til plattformen. Rulleringa er eit høve for å kunne få til ein debatt om kva som er viktig å arbeide med for å få ei god utvikling i Vestlandet. Vidare er det med jamne mellomrom behov for å drøfte om arbeidet er på rett veg. Det er også ein mulegheit for å drøfte arbeidsform i rådet.

Fylkesrådmannen vil også rå til at det vert arbeid med å gjere plattformen meir spissa og poengtert enn den tidlegare plattformen. Den bør innehalde eit fåtal område som Vestlandsrådet skal ha eit spesielt fokus på og arbeide systematisk med. Plattformen bør også etter fylkesrådmannen si meining bli meir konkret i korleis rådet skal arbeide med dei prioriterte område for plattformen.

Plattformen må etter fylkesrådmannen si meining ikkje vere i vegen for at rådet tar opp andre dagsaktuelle saker når desse oppstår. Vestlandsrådet må også ha ein beredskap for å delta i den dagsaktuelle debatten om viktige saker for utvikling av Vestlandet. Dette var også ein av grunnene

til at det vart oppretta eit AU for Vestlandsrådet som kan vere operativt mellom rådsmøta. Vidare kan Vestlandsrådet bli brukt som eit drøftingsorgan for konfliktsaker mellom fylkeskommunane.

Sentrale tema i ei rullering av plattform

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid. Dette inneberer at rådet skal arbeide med sentrale politiske saker, primært ved å fremje Vestlandet sine interesser i ulike politiske samanhengar.

I samsvar med erfaringar frå gjeldande politiske plattform (vedteken 2010), legg fylkesrådmannen opp til at Vestlandsrådet særleg bør prioritere arbeidet med å realisere ferjefri E39 Kyststamvegen. Dette har vore, og vil etter fylkesrådmannen si oppfatning, framleis vere den viktigaste saka for rådet sitt arbeid. Det er også naturleg å samarbeide for andre samferdselstiltak, spesielt å vidareføre transportplanen for Vestlandet, og å koordinere arbeidet med innspel til NTP-prosessane.

Fylkesrådmannen meiner det også vil vere behov for å arbeide med rammevilkåra for næringslivet på Vestlandet. Spesielt gjeld dette innanfor næringar som er sentrale for utviklinga av Vestlandet, som petroleum, marine og maritime næringar, samt reiseliv. Det kan vere aktuelt at fylkeskommunane på Vestlandet koordinerer sine synspunkt i høve til verkemiddelaktørar som Innovasjon Norge, SIVA og Norges Forskningsråd.

Det er naturleg at Vestlandsrådet samarbeider om synspunkt og deltaking i internasjonale organisasjonar, primært Nordsjøkommisjonen. Vestlandsrådet kan også bli brukt til å koordinere synspunkt både mot nasjonale styremakter og EU i høve til rammevilkår og politiske saker som er viktige for Vestlandet, som t.d. nærings- og miljøpolitikk for havområda samt EU sin regionalpolitikk.

Fylkesrådmannen meiner også at det vil vere viktig at Vestlandsrådet arbeider for å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet. Dette kan gjelde på ei rekkje felt, både når det gjeld næringsutvikling, distrikts- og regionalpolitikken og det kulturpolitiske handlingsrommet.

Det bør etter fylkesrådmannen si meining drøftast om det er grunnlag for eit samarbeid når det gjeld regional planlegging, samt klima- og miljøarbeid.

Fylkesrådmannen rår til at Vestlandsrådet ved handsaming av denne saka og med grunnlag i vedlagte samarbeidsavtale og politisk plattform, drøftar kva for område som særleg bør prioriterast ved rulleringa av plattform.

Framdrift

For å sikre eigarskap i dei respektive fylkeskommunane, vil fylkesrådmannen rå til at utkast til plattform også blir drøfta i eit felles fylkesutvalsmøte mellom dei fire fylkesutvala. Dette er viktig for å få til ei god forankring av arbeidet i fylkeskommunane.

Det vil vere naturleg at det vert orientert om plattform i fylkestinga. Fylkeskommunane får i ansvar å drøfte utkastet til plattform med sine partnarar, spesielt gjeld dette dei større byane og kommunane. Særleg vil det vere viktig å få fram mulege alliansar i arbeidet med viktige saker for Vestlandet. Det vil vere naturleg at dette gjerast med grunnlag i eit drøftingsnotat etter at dette notatet har vore drøfta i Vestlandsrådet.

Med dette ser fylkesrådmannen føre seg følgjande framdriftsplan for arbeidet med plattform:

- November 2011: Oppstartssak i Vestlandsrådet.
- Februar 2012: Drøftingsnotat for ny plattform vert teke opp i Vestlandsrådet. Vestlandsrådet kjem med framlegg til prioriterte saker for rådet sitt arbeid.
- Februar 2012 - april 2012: Fylkesvis konsultasjon med aktuelle partnerar.
- Mai/juni 2012: Utkast til ny politisk plattform blir drøfta av eit felles fylkesutvalsmøte. Etter dette møtet vert den politiske plattformen vedteke av Vestlandsrådet (fellessamling med fylkesutvala vert avslutta med møte i Vestlandsrådet der saka kan endeleg handsamast)

FRAMLEGG TIL VEDTAK

- Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeid med å rullere den politiske plattformen for Vestlandsrådet. Særlege viktige saker i den politiske plattformen vil vere ferjefri E39 Kyststamvegen, vidareføring av transportplan for Vestlandet, koordinering av arbeidet med NTP, arbeide for gode rammevilkår for prioriterte næringer på Vestlandet, samt å arbeide for å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet.
- Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen leggje fram eit drøftingsnotat for innhaldet i den politiske plattformen til neste møte i rådet. Drøftingsnotatet med Vestlandsrådet sine kommentarar leggjast fram til drøfting med aktuelle partnerar. Fylkeskommunane har ansvar for drøfting med partnerar i sine fylke.
- Plattformen skal vedtakast av Vestlandsrådet i mai 2012 etter at eit utkast har vore drøfta i fellesmøte mellom fylkesutvala.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑